



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	04.05.2021	41/21

Saksansvarleg: Elin Blütecher

Arkiv: PLANID-202011,
PLANNAVN-Detaljreguleringsplan
for Lektorvegen28/Gamleveg 61,
PLANTYPE-35, FA-L12, GBN-46/6

Arkivsaknr.: 20/8784

Detaljregulering for Lektorvegen 28 og Gamleveg 61 - 1 gongs behandling

Kommunedirektørens innstilling:

Før detaljregulering for Lektorvegen 28/Gamleveg 61 vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 12-10, må følgjande endrast:

1. Føresegnas § 2 får eit tillegg om at renovasjon skal vere innebygd.
2. Forslagsstillar bør sjå på moglegheiter for løysninga for å legge inn opphøgd gangfelt eller annan løysning for å betre trafikksikkerheita.
3. Planomtala pkt. 5.6 får eit tillegg om at eksisterande einebustad i Gamleveg 61 skal nytte avkøyrse i Gamleveg og at alle nye bustader innanfor planområde skal nytte avkøyrse i Lektorvegen.

04.05.2021 Utval for plan teknikk og næring

Behandling:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

PTN- 41/21Vedtak:

Kommunedirektørens innstilling:

Før detaljregulering for Lektorvegen 28/Gamleveg 61 vert lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova § 12-10, må følgjande endrast:

1. Føresegnas § 2 får eit tillegg om at renovasjon skal vere innebygd.
2. Forslagsstillar bør sjå på moglegheiter for løysninga for å legge inn opphøgd gangfelt eller annan løysning for å betre trafikksikkerheita.
3. Planomtala pkt. 5.6 får eit tillegg om at eksisterande einebustad i Gamleveg 61 skal nytte avkøyrse i Gamleveg og at alle nye bustader innanfor planområde skal nytte avkøyrse i

Bakgrunn for saka:

Sær Arkitekter AS fremjar på vegne av MRT Eigedom AS (Lektorvegen 28) og Elin og Tore Håndstad (Gamleveg 61) forslag til detaljregulering for Lektorvegen 28 og Gamleveg 61.

Formål med planen er å legge til rette for bustader med tilhøyrande anlegg på to eigedomar i Bø sentrum. Det er planleggast 12-14 einingar fordelt på dei to eigedomane.

Vedlagt følgjer plankart, føresegner, planomtale med vedlegg og innspel til varsel om oppstart.

Saksomtale:



Oppstart av planarbeidet vart varsla 24.11.20 med frist for å kome med merknader 21.12.20. Det kom inn 3 innspel til planarbeidet.

1. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune
3. Statens vegvesen

Innspela er oppsummert i planomtala

Tilhøve til overordna plan

Planområde ligg i kommuneplanens arealdel med sentrumsformål og er regulert til bustadformål i gjeldande områdereguleringsplan for Bø sentrum. Foreslått område ligg innanfor tettstadsgrensa og sentrumsgrensa i kommuneplanen, og innanfor sentrumssona i områdereguleringsplan for Bø sentrum. Planen legg difor opp til ei høg fortetting i tråd med gjeldande planar.



Planomtala beskriver i punkt 5.6 trafikk-løysning for Lektorvegen. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det fremgår at eksisterande einestad i Gamleveg 61 skal nytte eigen atkomst i Gamleveg. Punkt 5.6 bør også ha ein setning om at alle nye bustader innanfor planområde

skal nytte avkøyrse til Lektorvegen.

Utbyggingsavtale

Det skal forhandlast fram utbyggingsavtale i høve til flytting av eksisterande v/a leidning.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga ovanfor anbefalast det at detaljregulering for Lektorvegen 28 og Gamleveg 61 tas til 1. gongs behandling, og leggst ut til offentleg ettersyn/høyring med de endringar som er føreslått.

Vedlegg:

26.04.2021	Vedlegg 1_Plankart_1gangsbehandling	1409640
26.04.2021	Vedlegg 2_Reguleringsbestemmelser (L)(148272)	1409641
26.04.2021	Planbeskrivelse L28 og G61	1409647
26.04.2021	Vedlegg 3_Illustrasjoner til planforslag_080321 (L)(148273)	1409642
26.04.2021	Vedlegg 4_Varselsbrev med adresseliste (L)(148274)	1409643
26.04.2021	Vedlegg 6_Innspill til varsling (L)(148276)	1409644
26.04.2021	Vedlegg 7_ROS-analyse_jan 2021 (L)(148277)	1409645
26.04.2021	Vedlegg 8_Notat områdestabilitet	1409646
26.04.2021	Planinitiativ_Lektorvegen 28 mfl	1409648
26.04.2021	Referat fra oppstartsmøte	1409649

Parter:

Søndergaard Rickfelt AS Arkitekter MNAL
Mrt Eigedom AS
Tore Håndstad
Elin Thonhaugen Håndstad